


# KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen

«Det lyser ein måne på Brunkeberg kyrkje  
som syner oss duva forgylla av ljøs,  
frå Åsmund si hand kom den sylkvite fuglen  
som minner om leia og livet sin kos.»



«Det lyser ein måne» av Olav Mosdøl





# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITeseid

Telefon: 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
www.kviteseid.sokn.no



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Håkon Heggveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Kyrkjeverje**  
Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
kyrkjetenar@  
kyrkjetrappa.no



**Sokneprest**  
Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
sokneprest.kviteseid@  
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjelydssekretær og  
trusopplærar i permisjon.**  
Birgitte Nødland Danielsen  
Kontor tlf: 35 06 81 28  
sekretaer@  
kyrkjetrappa.no



**Organist**  
Dagfinn Køhn  
Kontor tlf: 35 06 81 48  
kantor.kviteseid@  
kyrkjetrappa.no



**Prostidiakon**  
Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
eilever@online.no

### Om bladet

Framsidedfoto av Brunkeberg kyrkje m/tårn-  
duva, skoren av Åsmund Kleiv, Morgedal og  
teksten «Det lyser ein måne».

Foto og tekst: Olav Mosdøl

Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

### Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648

Vipps: 88041 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

# Ei flis eller noko større?

*Av Møyfrid Lunde*

I bladet denne gong kan du både sjå bilete av nye teppefliser i Kviteseid kyrkje og lese om den tradisjonsbundne produksjonsmåten av fliser til bruk på gamlekyrkja. Sjølv om ei flis er berre ein liten del av noko mykje større, kan ho gjere ein stor forskjell.

Jesus stilte ein gong eit ransakande spørsmål om flis: «Kvifor ser du flisa i auget til bror din, men bjelken i ditt eige auge merkar du ikkje?» (Matt 7,3) Han peikte på kor lett vi har for å dømme andre med andre mål enn oss sjølv. I vår tid har vi god hjelp frå media til å fokusere på andre sine feil og uttale oss fordømande om den eine etter den andre. Så lenge vi stadig kastar oss over andre sine feil, slepp vi å sjå inn i oss sjølv og det som er gøymt der.

«Bjelken i ditt eige auge», som Jesus omtalar, kva kan det vere? Kanskje er det nettopp dei tinga vi strever med sjølv som vi misliker hos andre.

Jesus ber oss om å fyrst ta «bjelken» ut av vårt eige auge, før me er i stand til å sjå klårt og hjelpe andre. Det høyrer umogleg ut å ta ei bjelke ut av eit auge. Eg trur det var difor Jesus let seg

krossfeste. Han bar sjølv den bjelken som dei krossfesta han på. Alt vondt i oss som hindrar oss i å sjå klårt, det bar han med seg på krossen. Difor kan vi sleppe å bere det vidare når vi ber om tilgjeving i Jesu namn. Bøna gjeld både oss sjølv og andre: «tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldningar». (Matt 6,12)

Den som har fått tilgjeving for all urett av Guds eigen Son, er lik ein som har fått tatt bort ei bjelke av auget sitt. Då kan ein sjå andre meir slik Gud gjer. Han ser på oss menneske med barmhjertighet og godleik.

I mellomalderen var det attraktivt å få tak i det som skulle vere ei flis frå Jesu kross. Vi veit ikkje sikkert kor desse flisene vart av og om nokon av dei i det heile tatt kan sporast attende til den same krossen. Desse flisene gjer uansett ikkje forskjellen til eller frå for oss. Det er Jesus som gjer forskjellen. Han som døyde for oss, nøyer seg ikkje med å gje oss ei flis av noko som ein gang var. Han lever i dag og vil gje oss liv og overflod av nåde. Jesu frelsegjerning er fullført og stor nok for alle. God påsketid!

# Kviteseid lærarseminar 1819-1889

*Av Olav Mosdøl*



**«Seminaret der det seinare heldt til.  
På Moen/Kommunehuset»**

*Foto: Kviteseid Historielag*

Kviteseid sokn var eit viktig område i Vest-Telemark i gamle dagar. Frå 1200-talet låg Kviteseid gamle kyrkje sentralt til. Det var vatna som var trafikkåra for folket i Vest-Telemark på vegen til Skien og sjøen: Bandak, Kviteseidvatnet og Flåvatn. Garden kring kyrkja var tidleg blitt prestegard i bygda og hadde vakkert utsyn over fjorden. Som embetsgard og jordbruksgard var det ein naturleg samlingsstad i området fram til 1869. Då flytta presten John Moses garden inn til Moen nær Kviteseid sentrum.

Dansken Niels Windfeldt (1735-1810) var ein dyktig prest for Kviteseid. Han kom hit som kapellan og vart prest frå 1767. Han betydde mykje for prestegjeldet i over 40 år.

Windfeldt var oppteken av å få i stand ei systematisk undervisning i truslære. Etter han kom diktarpresten Jens Zetlitz (1811-1821). I hans tid vart Kviteseid lærarseminar sett i gang; den såkalla Kosa-skulen. Den vart starta i ein bygning langs vegen mot Brunkeberg i 1819, nedafor Kyrkjegroven. I 1847 vart skulen flytta til sentrumsområdet i Kviteseid og var i drift fram til 1889.

I høve 200-årsmarkeringa for Kviteseid lærarseminar i 2019, har Kyrkjebladet teke kontakt med dr. philos Knut Jordheim på Notodden. Han var den første skulepsykologen i Vest-Telemark og budde i Kviteseid frå 1963 til 1966. Så vart han førsteamanuensis i pedagogikk ved Telemark lærarhøgskole og har forfatta artiklar og bøker om lærar-

utdanning. I samtale med Knut Jordheim får vi innsyn i seminaridé og bakgrunn for at Kviteseid vart ei viktig skulebygd på 1800-talet.


– Kva var grunnlaget for oppstart av eit lærarseminar?

– Det som heiter grunnskulen i dag, vart grunnlagt på 1700-talet, som rein kyrkjeleg undervisning i truslæra. Etter den danske lovgjevinga heitte det «Forordning om Skolerne paa Landet i Norge» (1739). Tanken var at det var klokkarane ved sida av presten som skulle drive denne undervisninga, og noko meir systematisk enn den hadde vorte driven før. Men mange stader vegra klokkarane seg for meir arbeid enn dei alt hadde. Difor måtte presten finne andre som kunne vere skulehaldarar; ikkje i eigne skulehus, men på omgang mellom gardane, «omgangsskulelærarar». Han såg etter desse emna mellom dei gløgge, mannlege konfirmantane sine og gav dei ei viss skolering, fortel Knut Jordheim.

– Korleis kom ei slik skuleordning til Kviteseid?

– Det var lite effektivt at prestane dreiv opplæring kvar for seg. Det kunne bli mangelfullt i ein del prestegjeld. I Danmark var det skipa til eitt lærarseminar. Seinare kom det fleire, med tanke på at det skulle vera sams for både landa. Men Blaagaard seminar i København kunne ikkje stette behova for dei mange omgangsskulelærarane som det trongst i Noreg. Difor vart det søkt om ei samordning fleire stader i landet, t.d. i Øvre Thellemarkens Provsti. Det var sokne-

presten i Kviteseid, Niels Windfeldt, som først brukte både tid og pengar for å få til ei skuleordning der ungane kunne gå i ein fastskule. Den skulle vere i eit eige hus, medan bondegutar som ville bli lærarar, fekk opplæring på same staden, og kunne øve seg på skuleungane, seier Jordheim.



«Tittelsida av Windfeldt-bibelen. 1738-utgåve»

Foto: Olav Mosdøl

– Men presten Windfeldt fekk ikkje oppleve seminaret?

– Nei, Niels Windfeldt døydde før lærarskulen kom i gang. Men han hadde laga til eit større pengesfond, som kona hans seinare støtta, slik at det lokalt var økono-

misk grunnlag for å setja i gang. Tiltaket måtte godkjennast av dei sentrale styresmaktene, både kyrkjelege og verdslege. I 1814 vart Noreg eige kongerike. Ikkje lenge etter kom det «kongeleg godkjenning» på grunnlag av dei lokale interessene. Fastskeule med læraropplæring tok til i Kviteseid i 1819. Det var den nye soknepresten, Jens Zetlitz, og ein ihuga prost i Seljord, Eiler Rosenvinge Kaurin (1771-1845), som var drivkreftene. Dei hadde fått økonomisk garanti frå dei andre prestane i prostiet; og på sikt skulle Stortinget løyve pengar.

– Korleis vart skulen driven?  
– Ordninga var slik at soknepresten i Kviteseid skulle ha overoppsynet med skulen. Fleire kjende namn er mellom desse, m.a. salmediktaren Magnus Brostrup Landstad og den seinare biskopen Halvor Olsen Folkestad. Til dagleg vart skulen, dvs. lærarseminaret og fastskulen, driven av ein eigen lærar. Seinare av fleire. Den første læraren var bygdas eigen mann, Thore Thoresen (1789-1850), son av klokkaren i soknet, Thore Gunnsteinsson.

Presten Windfeldt hadde synst at Thore Thoresen var en framifrå konfirmant og plukka han ut som ein mogleg lærarkandidat. Han sa til Thore at han fekk reise til København og gå på seminaret der i tre år på hans kostnad, og så kome heim att. Thore var elev på Blaagaard i åra 1806-1809. Ved heimkomsten var Niels Windfeldt død. Skulen var planlagt, men ikkje ferdig. Då den stod ferdig oppi Brunkebergområdet kom Thorsen og tok lærar-

posten. Seinare arbeidde han seg fram til teologisk eksamen og vart sokneprest mellom anna i Heddal. Jordheim fortel vidare korleis Thore Thoresen skildra skuleåret på seminaret: Formedelst Bondens saa vichtige Vaar- og Høstarbeide, vel ogsaa for at Skoleholderssubjecterne ei skulle afvænnnes frå Bondearbeide, holdes Skolen kun i Maanederne Januar, Februar, Mars, April, frå midten af Juni til Midten af Oktober til midten af December – i alt 7 Maaneder af Aaret.

– Kva kan me seie om dette seminaropplegget?

– Etter måten var det eit kort skuleår, noko som vart bruka i Stortinget mot skulen, da spørsmålet kom om skulen var liv laga. På den andre sida syner ordninga korleis dei tenkte i øvre Telemark om lærarane sine i dei dagar:


Dei måtte ikkje bli framandgjorde i folket sitt. Gutane vart sende til Kosaskulen frå kvart sitt prestegjeld, og vona var at dei vende attende. Nokre av dei fekk økonomisk stønad frå heimesoknet og gjorde teneste i bygda si etter at dei var ferdige. Fleire vart lærarar berre i sju år, ei ordning som kom i stand i høve til den militære tenesteplikta. Dvs. dei vart fritekne om dei batt seg til lærararbeid i sju år.

Knut Jordheim summerer opp seminarhistoria slik:

– Det var ofte debatt om Kviteseidseminaret i Stortinget med omsyn til økonomisk støtte. Fleire meinte at seminaret ikkje hadde kapasitet til å

drivaforsvarleg, særleg etter kvart som fastskulane avløyste omgangsskulen. Magnus Brostrup Landstad laga i si tid ein plan for å ruste opp seminaret. Såleis flytta han skulen ned til Kviteseid sentrum i 1847 og skilde fastskulen frå seminaret med eigen lærar. Samtidig var styresmaktene opptekne av å bygge seminar i kvart stift med ei toårig utdanning. Dei små lærarskulane hadde ikkje noko trygg framtid. «Almueskulen» skifta namn til «Folkeskulen»; og det kom nytt lovverk i 1889. Fleire forhold var direkte årsak til at nedlegging av Kosaskulen kom i 1889.

Svein Olav Thoresen har skrive ei avhandling om Kviteseid Seminar (1979). Han viser til at stiftseminaret i Tromsø var det første som fekk offentleg stønad, medan Kviteseid-seminaret var det første som fekk offentleg godkjenning, av di det hadde lokal økonomi. Thoresen (som var lærar nokre år i Kviteseid på 1970-talet) samanfattar det heile slik: Windfeldts initiativ var eineståande på det viset at han la grunnen for ein institusjon som fekk mykje å seia ikkje berre for skulestellet, men og for kulturlivet i større samanheng.



«Knut Jordheim» Foto: Olav Mosdøl

# «Det er moro, kjempemoro»

Av Øyvind A. Jørgensen

*Akkurat det hadde vi ikkje venta å høyre frå ein som står og skantar trespon. Men han meiner det verkeleg, **Halvor Bjåland** i Morgedal, og det går ikkje lenge før vi skjønar han. Det handlar om takspen, eller flis som dei òg vert kalla, til gamlekyrkja i Kviteseid.*



Foto: Øyvind A. Jørgensen

For to år sidan vart det konstatert at spontaket smuldrar opp på apsis, det halvsirkelforma utbygget i austenden av kyrkja. Det yteste taket må skiftast. Dette vart godkjent av Biskopen og Riks-

antikvaren, naturleg nok med strenge krav til materialar og arbeidsmåtar. Å få eit firma til å ta det på seg var vanskeleg. No er det kyrkjeverja som står ansvarleg for arbeidet, og Halvor administrerer det ute i felten. Det vil sikkert soknerådet spare mykje på. At Halvor Bjåland fekk spørsmålet, var ikkje tilfeldig. Han har bakgrunn frå trearbeid og lafting og har arbeid for Riksantikvaren på stavkyrkjene i Borgund og på Eidsborg. Han har også andre med i arbeidet no, ikkje minst Aksel Andersen, som er fagmann og kjem til å stå for legginga av spontaket.

Vi får ei interessant innføring i produksjon av takspen. «Det fyrste det gjeld om», fortel Halvor, «er å få tak i nok eigna furutømmer. Sidan malmen bør ha ein diameter på 40 cm, må stokkane vere på 50-60 cm. Dei må òg vere beine og kvistfrie og skadefrie i veden. Malmen er kjerneveden, som er litt mørkare enn geiten, den veden som ligg ytst.»

Kva er det med malmen?

«Han er naturleg impregnert med tyri, så han er veldig haldbar. Når sponen også blir sett inn med tjære når han er lagt på, kan han halde i hundre år, ja kanskje to hundre. Problemet for oss er å finne tømmer med mykje malme.» Halvor har kontakt med skogeigarar og entreprenørar her i Vest-Telemark og i Flåbygd og Gjerstad. «Det gjeld å vere nøye med å plukke ut virke. Ved ei drift i Fyresdal fann vi 21 gode stokkar, som vi fekk transportert til Morgedal. Dei heldt til om lag 1700 flis av dei 4500-5000 som vi må ha i alt.»



Furustokkane blir kappet i lengder på 42-43 cm. Så blir dei kløyvde på ein spesiell vedkløyvar som kløyver vertikalt. Fyrst må geiten vekk, og så blir kjerneveden kløyvd til spon, om lag ein tomme tjukke. Det må skje på ein spesiell måte. Halvor teiknar på hoggestabben og forklarar. Det gjeld å kløyve så årringane blir liggjande riktig veg i sponen. «Som du skjønner, blir det mykje svinn. Vi treng nok 60 m<sup>3</sup> tømmer. Sjølv om vi prøvar å halde kostnadene nede, blir det dyrt, men vi kan jo ikkje leggje bylgjeblikk heller.»

Etter noko turking i fyrhuset på hotellet blir sponen fyrst skanta for hand, og så blir han spissa i den eine enden. «Halvturr ved er best å arbeide med», fortel Halvor. «Det gjeld å skante i rett retning, så ikkje vatnet skal trengje inn i årringane. Derfor blir denne sponen skanta med øks. Det skar ikkje trefibrane.» Jo, vi kan skjønne at Halvor likar dette arbeidet. Det er interessant og variert - og spesielt. «Eg har stor respekt for desse gamle bygningane. Mykje står som det gjorde frå 'tidenes morgon' som eg seier. Og ikkje minst har eg respekt for dei som sette dei opp, for handverket, for slitet, ofte høgt over bakken. Ein må lure på kva som dreiv dei. Dei måtte ha ei sterk tru.»

Flisproduksjonen har kome om lag halvvegs. No vonar Halvor at dei får tak i nok tømmer i vår og sommar.

«Er vi heldige med dei i Gjerstad og Flåbygd, rekk vi kanskje få lagt på flisane til hausten.»



**Her ser vi malmen tydeleg. Dessverre har både stokken og flisa skadar i veden, men stokken kan nyttast i ein annan samanheng.**

*Foto: Øyvind A. Jørgensen*



**Om lag slik vil taket sjå ut**

*Foto: Øyvind A. Jørgensen*

# Tårnagenthelga

9. og 10. februar møtte elleve spente jenter og guttar opp i våpenhuset til Brunkeberg kyrkje. Der fekk dei utdelt agentbevis og ei lommelykt som dei skulle ha til hjelp for å løyse oppdrag og mysterium i løpet av helga. Tårnagentane var både høgt og lågt i kyrkja og oppdaga spor av trua til dei som har brukt kyrkja før oss og ting som kan seie oss noko om Gud i dag. Brunkeberg kyrkje er full av både symbol, kunst og handverk frå mange tider.



Foto: Møyfrid Lunde

# Kyrkjekaffi ved konfirmantar



Foto: Øyvind A. Jørgensen

Her er agentane samla på kvelden til litt kos etter at dei hadde løyst oppdraga for dagen. På sundagen møtte tårnagentane ekstra tidleg for å førebu gudstenesta og gjere dei siste oppdraga. Dei deltok med drama og postar til bønnevandring. Gudstenesta slutta av med tårnagentsongen, og så var det kyrkjekaffi for alle etterpå. Takk til tårnagentane for ein fin tårnagentgudsteneste!



Foto: Øyvind A. Jørgensen


Då vi kom til gudsteneste i Fjågesund kyrkje den 24. februar, vart vi helsa velkomen av tre blide konfirmantar frå Kviteseid. Dei var ministrantar denne dagen og hadde kvite kapper på.

Minstrant er eit fint ord for gudstenestemedhjelpar. Etter messa baud dei kyrkjelyden på kyrkjekaffi med sjokoladecake som dei hadde baka sjølv. Kyrkjelyden kosa seg og praten gjekk livleg. Kyrkjekaffi er eit fint, miljøskapande tiltak som mange set pris på. Takk til konfirmantane (f.v.) Margrethe Sigurdslid, Martine Ovastrøm Andersen og Ida Riis.

**Finn fem feil!** Jesus venta på dei på stranda med nysteikt brød og fisk. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?




**Fargelegg!** Jesus viste seg for læresveinane etter at han hadde stått opp frå dei døde. Peter vart så glad at han hoppa ut av båten!



Teikningar: Kari Sørtland

**Hjelp ekornet å finne nøttene!**

Ekorn er veldig flinke til å gøyme nøtter, men dei er ikkje like flinke til å finne igjen gøymestadane sine. Kan du hjelpe ekornet å finne nøttelageret sitt?



Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**



Kannibalen var på flytur.

- Har du lyst til å sjå menyen? spurde flyvertinna.
- Nei takk, men eg vil gjerne sjå passasjerlista.

**Vitsar**

Tre menn snakka

- saman om merkelege samantreff:
- Kona mi las ei bok om tvillingar, og så fekk ho det, sa den eine.
- Kona mi las ei bok om trillingar og så fekk ho det, sa den andre.
- Hjelp! ropa den tredje. Kona mi sit heime og les Ali Baba og dei 40 røvarane!

# Nytt frå soknerådet

## Kyrkjeval

Til hausten er det tid for kyrkjeval att. Det vert gjennomført samstundes med kommunevalet 8. og 9. september. Ein nominasjonskomité har funne fram til gode kandidatar til vårt neste sokneråd i Kviteseid. Kandidatlista skal godkjennast av sitjande sokneråd no i april, og vert gjort kjend i avis og neste nummer av kyrkjebladet til sommaren. Det vil bli høve til førehandstemming på kyrkjekontoret siste månad før valet.

Kyrkjeval betyr også at det er val til nytt bispedømeråd samstundes. Nominasjonskomiteen for bispedømerådsvalet har representantar frå kvart prosti. Her frå Øvre Telemark prosti er det valt ein lek representant og ein frå dei tilsette.

**Kyrkjevalet**  
8.-9. sep. 2019

**Årsmeldinga frå soknerådet for 2018** vart godkjend på soknerådsmøtet 27. februar og lagt fram for kyrkjelydsmøtet i Brunkeberg 31.mars. Fekk du det ikkje med deg der, kan du lese det på nettsida vår [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no) under overskrifta *Soknerådet og Referat*. Den fargerike årsmeldinga gir eit greitt bilete av det mangfaldige og varierte arbeidet som vert gjort i og med kyrkjene våre i Kviteseid.

**Årsrekneskapet for 2018** viser eit driftsoverskot på vel 100 000 kr. Det vert overført til disposisjonsfond for magrare år. Rammeoverføringa frå

kommunen til drifta, var på 3,3 mill. av totalt 4,7 mill. kr. 414 000 kr. vart i 2018 gjeve i ofringar, gåver, julebasar og andre innsamlingar. 55 000 av desse vart gjevne gjennom giro i Kyrkjebladet. Vi er svært takksame for gåvene!

**Investeringsprosjekta i kyrkjene for 2018** vart ikkje ferdige. Om takflisprosjektet kan de lese annan stad i bladet. Det siste prosjektet er automatisk ringeanlegg i Kviteseid Kyrkje. Det kjem no i vår. Det vil lette arbeidet betydeleg for kyrkjetenarane, særleg i samband med gravferder, på kalde vinterdagar, og når jul, påske og pinse skal ringast inn. Manuelt har vi berre ringt i 20 minuttar. No vil vi i Kviteseid fylgje normene og ringe ein heil time frå kl. 17-18 på julaftan, påskeaftan og pinseaftan. Fyrst ut av 2019-prosjekta er brannvarslingsanlegg med innbrotssalarm i Kviteseid Gamle kyrkje. Det vert klart i vår. Seinare på året kjem tilsvarande i Vrådal kyrkje.



**Kviteseid kyrkje har fått nye teppefliser bakarst. Løperen der var blitt særst stygg etter mange års bruk.**

*foto: Kristen Salmelid*

### **Avskjedsmarkering for organist**

**Dagfinn Køhn** Vår mangeårige organist, Dagfinn Køhn, sluttar i jobben og blir pensjonist i sommar. Vi vil markere dette med ei avskjedsgudsteneste 30. juni i Kviteseidkyrkje. Etter gudstenesta vert det avskjedsfest på Misjonshuset. Soknerådet arbeider for tida med tilsetting av ny organist.

### **Ny medarbeidar.**

No har vi endeleg lykkast med å få vikar for trusopplærar og sekretær. Brit Helen Finstad startar arbeidet til sommaren med konfirmantleiren i juni. Ho fyller 24 år no i mai og kjem frå Klepp i Rogaland. Ho vert til sommaren ferdig med ein bachelorgrad i «Kommunikasjon, livssyn og kristenapologetikk» og har mellom anna i fag-krinsen sin «Danning og Trosopplæring – barn og unge». Ta godt imot Brit Helen når ho kjem. Vi gler oss!



**Brit Helen** foto: Kristen Salmelid

### **Godhetsveka**

Godhetsveka har vorte eit godt vårteikn dei siste åra for mange. For femte året på rad arrangerer kyrkja denne dugnaden i samarbeid med Betel, Fredheim og Normisjon på Misjonshuset. I år skal det skje 6.-11. mai. Den veka er vi fleire som står klare til å gjere ein innsats i ulikt praktisk arbeid til hjelp for folk i bygdene her. I fjor var vi ca 80 personar som fekk vere med. Har du lyst til å vere frivillig medarbeidar, kan du skrive deg på liste i kyrkja, eller ta kontakt med kyrkjekontoret. Vi har alltid bruk for fleire, og både unge og eldre er velkommen til å vere med.

Er du ein av dei som kunne ha bruk for hjelp dette året? Vi tek imot oppdrag på «godhetstelefonen» frå 23. april (etter påskedagane). Telefonnummeret vert gjort kjent i annonse i VTB og på flyers.



# Konsert i Brunkeberg kyrkje



Gunnar Ajer og Torunn Bø inviterer til konsert palmesundag 14. april kl. 18.00. Programmet for konserten er omtala som «god kristen lovsong , kor du både lyttar og deltek, til ettertanke og oppbygging».

Det er fri inngang på konserten, og det vert tatt opp kollekt.



I samband med konserten, kan ein òg få kjøpt cd-ar som dei to har gjeve ut kvar for seg. (vipps og kontant betaling) Konserten vert arrangert i samarbeid med Kviteseid sokn. Velkommen til ein fin start på påskeveka!

## Døypte

Kviteseid: Erlend Hovden  
Landsverk  
Thomas Angre  
Vrådal: Kevin Sanden Åsheim

## Gravlagde

Brunkeberg: Bergit Vindsvold  
Kviteseid: Kjellaug Johanne  
Strandkås  
Dagfinn Nyland  
Ingebjørg Guttormsen  
Solveig Kari Breidalen  
Vrådal: Gunnhild Hauge  
Åsta Dagny Findreng

*Mer himmel på jord*

# Oppslagstavla

## **Ønskjer du skyss til gudsteneste?**

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

## **Kyrkjelydens føremiddagstreff**

24. april kl. 11.00 på Misjonshuset

## **Sommaravslutning:**

26. juni kl. 12.00 på bygdetunet.

## **Fellesarbeid:**

Godhetsveka 6.-11. mai (sjå side..)

Felles takkegudsteneste 12. mai kl. 11 på Fredheim.

## **Vrådal Normisjon 2019**

Sundag 14. april kl.16  
Songsamling på Bedehuset.

Sundag 5. mai kl.16  
Songsamling på Bedehuset.

Torsdag 23. mai kl.18.30  
Kveldsmat og søndagens tekst på Heia.

Torsdag 6. juni kl.18.30  
Kveldsmat og søndagens tekst på Heia.

Det er ikkje avgjort om det blir loppe-  
marknad. For nærare opplysningar sjå  
lysingar i VTB.

## **Misjonshuset i Kviteseid**

14. april kl. 11.00  
0-100 Påskemøte – Kristin Aamodt  
Hardang (Frukost kl. 10.00)

23. april kl. 19.30  
tysdagsmøte – Gunnhild Dobbe

28. april kl. 11.00  
0-100 – Sjå annonse

30. april kl. 19.30  
Åpen bibel! Ta med Bibel.

Tysdagane i mai vert det dugnad. Vel  
møtt!

12. mai kl. 11.00  
Fellesgudsteneste i godhetsveka – sjå  
annonse.

26. mai kl. 11.00  
0-100 – Dag Erik Asdahl

04. juni kl. 19.30  
tysdagsmøte - Knut Bjørn Skyttemyr

16. juni kl. 16.00  
0-100 sommaravslutning – sjå annonse.

# Gudstenester

**RETURADRESSE:**  
KYRKJEKONTORET  
KVITeseIDGATA 13  
3850 KVITeseID

## APRIL

**Tor 18. Skjærtorsdag** Joh 13,1-17  
Brunkeberg kl. 18.00 Gudsteneste med nattverd. Møyfrid Lunde. Ofr. Rachel Trovis stiftelse.

**Fre 19. Langfredag** Matt 26.30-27.50  
Vrådal kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Det Norske Bibelselskap.

**Sun 21. Påskedag** Joh 20,1-10  
Kviteseid kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste med nattverd. Møyfrid Lunde. Kyrkjekoret. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

Vrådal kl. 13.30 Høgtidsgudsteneste med nattverd. Møyfrid Lunde Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

**Mån 22. 2. Påskedag** Joh 20,11-18  
Fjågesund kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd. Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydens trusoplæring.

**Sun 28. 2. søndag i påsketida** Joh 20, 24-31. Fyresdal kl. 17.00. Diakonien dag

## MAI

**Sun 05. 3. søndag i påsketida** Mark 6, 30-44. Kviteseid kl. 11.00. Samtalgudsteneste med konfirmantane. Møyfrid Lunde. Ofr. NKSS.

**Sun 12. 4. søndag i påsketida** Joh 14, 1-11. Fredheim kl. 11.00. felles gudstenestleg møte etter godhetsveka.

**Fre 17. mai** Luk 17,11-19  
Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Barnespel. Ofr. Blåkors.

Fjågesund kl. 12.30. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Sjømannskirken.

Brunkeberg kl. 13.45. Gudsteneste. Møyfrid

Lunde. Ofr. Kirkens SOS, Telemark.

**Sun 19. 5. søndag i påsketida** 1. Kong 8. Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste med nattverd. Møyfrid Lunde. Sundagsskule. Ofr. Kristent interkulturelt arbeid.

**Sun 26. 6. søndag i påsketida** Matt 6,7-13  
Vrådal gamle kyrkjegard kl. 11.00 Friluftsgudsteneste. Møyfrid Lunde.

Brunkeberg kl. 18.00 Arrangement i samband med 200-årsjubiléet for seminaret. Sjø annonsering.

## JUNI

**Sun 02. Søndag før pinse** Joh 16,12-15  
Kviteseid kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste. Møyfrid Lunde Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

**Lør 08. Pinseftan** Joh 14,23-29  
Brunkeberg kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

**Sun 09. Pinsedag** Joh 14,23-29  
Vrådal kl. 11.00. Konfirmasjonsguds teneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

**Sun 16. Treeiningssøndag** Luk 24, 45-48. Kviteseid gamle kyrkje kl. 11.00 Jubileumgudsteneste for Seminaret i Brunkeberg. Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

**Sun 23. 2. søndag i treeiningstida** Joh 3, 1-13 Inga gudsteneste.

**Sun 30. 3. søndag i treeiningstida** Mark 10, 13-16. Kviteseid kl. 11.00. Avskjedsgudsteneste for organist Dagfinn Køhn. Korsong. Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt.